



AS HAUGLAND VVS
lyngveien 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/102 - 16/1243

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

15.01.2016

Arkivering av søknad utan handsaming gbnr 60/8 Langenes

Vi viser til Dykkar søknad, motteken med vedlegg den 11.01.2016.

Vurdering

Søknaden kan ikkje handsamast som på grunn av fylgjande tilhøve:

Gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett

Gjennomføringplan er ikkje sendt. Det skal ikkje lenger søkast om ansvarsrett. Det ligg ikkje føre erklæring om ansvarsrett.

Situasjonsplan

Det er ikkje nytta kart frå Lindås kommune. Avstanden frå anlegget til nabogrense, veg og andre bygg er ikkje skildra på situasjonsplanen.

Avløp

Det eit vilkår for byggeløyve at privatrettslege rettar til stikkleidningar over nabogrunn vere på plass.

Avløpsanlegget krysser annen mann sin grunn. Det er ikkje dokumentert rett til å legge leidningar på annen mann sin grunn. Dette gjeld eigeiendomen til gbnr 60/4 og 60/1. I tillegg manglar ein rett frå eigar av gbnr 60/1 til å bruke eksisterande kisteveit.

Det må skildrast kor kisteveiten går. Det vil måtte dokumenterast at kisteveiten er inntakt og kan nyttast etter sitt føremål.

Nabovarsel

Det er ikkje utført varsling av planlagt utslipp. Vi ber difor at det vert varsla naboar i ein radius på 100 meter frå utslippspunkt dersom desse har brønner.

Vedtak:

Søknaden vert arkivert utan handsaming, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Dersom de ynskjer at omsøkte tiltak skal realitetshandsamast, kan de sende inn ny kvalitetssikra søknad til kommunen.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hasse Annaniasen

Skarsvegen 838 5912

SEIM

Mottakarar:
AS HAUGLAND VVS

lyngveien 2

5914

ISDALSTØ